UNIVERSITETET I BERGEN
Det juridiske fakultet

Styre: Fakultetsstyret ved Det juridiske fakultet
Styresak: 53/14
Møtedato: 11. juni 2014
Journalnummer: 14/5938

Landslovsprosjektet 2014 – 2024.

I. Bakgrunn

På møte i Bergen i april 2012 drøfta sentrale personar frå fleire fagmiljø og akademiske institusjonar i Noreg det som i det følgjande blir omtala som Landslovsprosjektet. Dette møtet var finansiert av Det juridiske fakultet (DJF) og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar (ILLE), begge ved Universitetet i Bergen. Etter møtet konstituerte professorane Jørn Øyrehagen Sunde (DJF) og Odd Einar Haugen (ILLE) ei arbeidsgruppe for prosjektet. Arbeidsgruppa som har vore aktiv har mellom anna motteke stønad på kr 50.000 frå Centre for Medieval Studies til et prøveprosjekt for omsetjing av Landslova til engelsk

II. Design for Landslovsprosjektet 2014 – 2024

Etter kvart kom landslovsprosjektet så langt i sitt arbeid at ein fann det naturleg å få ein klarare og fastare struktur, og skriftfeste plan for prosjektet sine ambisjonar. Prosjektleiar Jørn Øyrehagen Sunde har difor etter samråd med andre i arbeidsgruppa utforma eit dokument han kallar «Design for Landlovsprosjektet 2014-2024». Her finn vi følgjande samandrag av dokumentet:

«**Innleiande merknader**

I 2024 er det 750 år sidan kong Magnus VI Lagabøter gav Landslova for hovuddelen av sitt norske rike. Trass i at lovverket var eit storverk i Europa i si samtid, at lovboka var viktig for å skapa staten Noreg, og er interessant i høve til dagens rettsutvikling i Europa, er Landslova ganske uutforska. Landslovsprosjektet 2014–2024 skal bøta på dette.

Tre grunnar for eit Landslovsprosjekt

I. Landslova som eit storverk i europeisk rettshistorie

Ei årsak til at Landslova er ganske uutforska, er at ein ikkje har sett kor spesiell den er i europeisk rettshistorie. Landslova er ei av få lovbøker gjevne i Europa i høgmellomalderen, den utgjer likevel bare om lag halvparten av den storstilte norske

lovgjevinga på 1270-talet, fekk ei levetid på over 400 år, var det mest utbreidde verdslege verket i Noreg i mellomalderen med kanskje eitt handskrift per 1200 innbyggjar, vart mykje nytta i praksis, og var byrjinga på ein norsk lovgjevingstradisjon som strekkjer seg like fram til i dag.

II. Landslova og staten Noreg og norsk identitet

Ei anna årsak til at Landslova er lite forska på, er at ein har sett på den som eit naturleg framhald av ein norsk lovgjevingstradisjon. Men det er med Landslova av 1274 at lovgjeving vert ein sentral del av norsk rett. Det er vidare med Landslova at den norske statsmakta vert konstituert, og den er eit viktig bidrag til å byggja og oppretthalda ein norsk identitet.

III. Landslova og dagens rettslege situasjon i Europa

Ein grunn til å forska på Landslova, er at den kan gje nye perspektiv på overgangen til ein transnasjonal statsform. Det er ikkje fordi det er ein parallellitet mellom det norske riket i mellomalderen og den transnasjonale statsforma som veks fram i Europa i dag, men fordi kunnskap om Landslova frigjer ein frå dei tankemessige rammene som følgjer av den nogjeldande statsforma med røter i Grunnlova av 1814.

Organiseringa av Landslovsprosjektet

Gjennom Landslovsprosjektet skal Landslova utforskast, og ny kunnskap og nye perspektiv skal skaffast fram og formidlast. Men då må forskingsprosjektet både ha ein filologisk, arkeologisk, historiefagleg, filosofisk, rettshistorisk og statsrettsleg del, og det må gå over ein usedvanleg lang tidsperiode til eit humanistisk og juridisk forskingsprosjekt å vera. Av den grunn må Landslovsprosjektet vera innovativt ikkje bare når det gjeld innhaldet i prosjektet, men òg i organiseringa av det. Dette gjeld både rekkefølgja av forskinga, og det gjeld samordninga mellom deltakande institusjonar.

I. Forskingsorganisering

Landslovsprosjektet skal gå over ein lang tidsperiode for at ulike forskingsaktivitetar skal kunna byggja vidare på kvarandre sine resultat. Mellom 2014 og 2018 skal tekst- og handskriftgrunnlaget for forsking på Landslova stå i sentrum, mellom 2018 og 2023 skal innhaldet i Landslova vera hovudforskingsobjekt, og mellom 2023 og 2024 skal forskingsresultata formidlast.

II. Fagleg og administrativ organisering

Landslovsprosjektet som hovudprosjekt skal ha ei fast forankring ved Det juridiske fakultet, slik at ein unngår uklarleik og pulverisering når det gjeld ansvar, samstundes som fleire institusjonar må ha ansvaret for og dra nytte av delprosjekt. Ei styringsgruppe skal sikra koordinering av dei ulike aktivitetane i samband med Landslovsprosjektet».

Alle punkta er utdjupa i dokumentet som følgjer som vedlegg 1, og dekan og fakultetsdirektør syner til dette. Vi har ingen vesentlege merknader til innhaldet i «Design for Landslovsprosjektet 2012-2014», og rår styret til å slutte seg til hovudpunkta i dokumentet frå Jørn Øyrehagen Sunde. Kapittel II «Fagleg og administrativ organisering» i dette dokumentet oppfattar vi som eit framlegg til vidare oppfølging sjølv om nokre formuleringar kan lesast som om styret allereie har gjort vedtak.

Etter vår vurdering er Landslovsprosjektet eit interessant og viktig prosjekt som vi støttar, og der vi ser fram til resultata av det vidare arbeidet. Prosjektet vil bidra til å profilere fakultetet på en svært positiv måte. Det er grunn til å ha store forventingar til at prosjektet vil bringa fram ny kunnskap til glede for samfunnet. Samtidig gir det anledning til å innhente ekstern finansiering på så vel stipendiat og post doc nivå

III. Delprosjekt om ny utgåve av Landslova av 1274.

Fakultetet har og motteke eit utkast frå Jørn Øyrehagen Sunde til «Avtale mellom Universitetet i Bergen v/ Det juridiske fakultet (UiB) og Nasjonalbiblioteket (NB) om samarbeidet på LANDSLOVPROSJEKTET 2014-2024». Som det går fram av punkt 1 i avtaleutkastet gjeld avtalen *«gjennomføring av eit delprosjekt som inngår i hovudprosjektet «Landslovsprosjektet 2014-2024». UiB er prosjektansvarleg i hovudprosjektet, og NB er partnar i delprosjektet».* Vidare går det fram av punkt 4 at *«Delprosjektet som denne avtalen gjeld, [...] ei formalisering av eit alt pågåande arbeid for å laga ei utgåve av Landslova av 1274. Utgåva skal gjerast tilgjengeleg for dei som i regi av hovudprosjektet forskar på landslova». Vidare skal den kunna leggjast til grunn for den normaliserte norrøne, norske og engelske praktutgåva som skal publiserast».* Avtaleutkastet følgjer som vedlegg 2. Dekan og fakultetsdirektør har ikkje vesentlege merknader til avtaleutkastet, men vil tilrå at Universitetet i Bergen vert stroke som underskrivar av avten. Etter vår vurdering er det nok med at Det juridiske fakultet og Nasjonalbiblioteket står bak avtalen. Vidare gjer vi framlegg om at dekanen får fullmakt til å gjere redaksjonelle justeringar og underteikne avtalen.

IV. Budsjett

Bibliotekar Bjørg Dale Spørch ved Nasjonalbiblioteket har sidan oktober 2012 hatt høve til å bruke si forskingstid til å arbeide med ei tekstkritisk utgåve av Landslova saman med professor emeritus Magnus Rindal. Til å assistere Spørch og Rindal i deira vidare arbeid treng ein to assistentar i to år. Som det går fram av vedlegga og andre saksdokument er det ein føresetnad for dette delprosjektet at ein mellom anna får ekstern finansiering for desse to personane. Utkastet til budsjett som følgjer som vedlegg 3 er på kr 2.398.000 delt på 2015 og 2016. Der er her teke inn løn og driftsutgifter for 2 forskingsassistentar som fakultetet skal ha arbeidsgjevaransvar for, men som skal ha arbeidsplass på Nasjonalbiblioteket. Prosjektmedarbeidaren i budsjettframlegget er Magnus Rindal som er omtalt i avtalen. Fakultetsbiblioteket ber kostnadene ved all infrastruktur for forskingsassistentane og Rindal i tillegg til at Spøch skal bruke forskingstida på prosjektet. Det er ikkje lagt opp til at Det juridiske fakultet skal gje løyving til prosjektet,

men Jørn Øyrehagen vil som prosjektleiar bruke av ca 20% av si arbeidstid på prosjektet i 2014, og ca 40 % de neste åra. I tillegg kjem administrative ressursar ved fakultetet.

V. Framlegg til vedtak

Dekan og fakultetsdirektør vil invitere fakultetsstyret til å gjere slikt

Vedtak

1. Fakultetsstyret sluttar seg til hovudpunkta i «Design for Landslovsprosjektet 2014-2024» og legg dette dokumentet til grunn for det vidare arbeid med prosjektet
2. Fakultetsstyret sluttar seg til hovudpunkta i utkast til avtale mellom Det juridiske fakultet og Nasjonalbiblioteket om samarbeid på landslovsprosjektet 2014-2024. Dekanen får med grunnlag i avtaleutkastet fullmakt til å gjere eventuelle redaksjonelle endringar og inngå avtalen. Ein føresetnad for avtalen er ekstern finansiering av dette delprosjektet
3. Styret gir dekanen fullmakt til å nemne opp styringsgruppe for Landslovprosjektet.
4. Styret gir dekanen fullmakt til å inngå eventuelle avtalar med andre institusjonar om fordeling av plikter og rettar i høve til dei ulike delane av Landslovsprosjektet
5. Søknader som fører til at Det juridiske fakultet pådreg seg ansvar og/eller plikter må godkjennast av dekanen
6. Dersom det kjem framlegg om å dele styringsgruppa i eit styre og eit råd, skal dette avgjerast av dekanen

Asbjørn Strandbakken
dekan

Øystein L. Iversen
fakultetsdirektør

05.06.14

EIBU

3 vedlegg

Vedlegg 1

Design for

Landslovsprosjektet 2014–2024



Opninga av Magnus Lagabøters landslov i GKS 1154 fol (Codex Hardenbergianus), datert til ca. 1325–50. I initialen overdreg kongen lova, truleg til ein lagmann.

Innhald

Forord 2

Samandrag av design for Landslovsprosjektet 2014–2024 3

Innleiande merknader 4

Tre grunnar for eit Landslovsprosjekt 5

I. Landslova som eit storverk i europeisk rettshistorie 5

II. Landslova og staten Noreg og norsk identitet 7

III. Landslova og dagens rettslege situasjon i Europa ..... 9~~10~~

Organiseringa av Landslovsprosjektet ..... 12~~13~~

I. Forskingsorganisering ..... 13~~14~~

II. Fagleg og administrativ organisering ..... 21~~25~~

Forord

April 2012 vart Landslovsprosjektet drøfta på eit møte med sentrale fagpersonar frå fleire fagmiljø og akademiske institusjonar i Noreg. Møtet var finansiert med midlar frå Det juridiske fakultet og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar. Etter møtet konstituerte Haugen og Sunde ei arbeidsgruppe for prosjektet. Arbeidsgruppa har gjennomført ei studiereise til København, halde fleire møte, sendt ein søknad om opphald på Centre for Advanced Studies i Oslo, samt vore mottakar av NOK 50 000.- frå det no avslutta Centre for Medieval Studies til eit prøveprosjekt for omsetjing av Landslova til engelsk.

Landslovsprosjektet har etter kvart kome så langt i si verksemd at det har vorte naturleg at det får ein klarare og fastare struktur, samt ei klarare formulering av og plan for prosjektet sine ambisjonar. Dette designet dannar slik ein overgang for Landslovsprosjektet frå ein innleiande til ein verksam fase.

Bergen 7. mai 2014

Samandrag av design for Landslovsprosjektet 2014–2024

Innleiande merknader

I 2024 er det 750 år sidan kong Magnus VI Lagabøter gav Landslova for hovuddelen av sitt norske rike. Trass i at lovverket var eit storverk i Europa i si samtid, at lovboka var viktig for å skapa staten Noreg, og er interessant i høve til dagens rettsutvikling i Europa, er Landslova ganske uutforska. Landslovsprosjektet 2014–2024 skal bøta på dette.

Tre grunnar for eit Landslovsprosjekt

I. Landslova som eit storverk i europeisk rettshistorie

Ei årsak til at Landslova er ganske uutforska, er at ein ikkje har sett kor spesiell den er i europeisk rettshistorie. Landslova er ei av få lovbøker gjevne i Europa i høgmellomalderen, den utgjer likevel bare om lag halvparten av den storstilte norske lovgjevinga på 1270-talet, fekk ei levetid på over 400 år, var det mest utbreidde verdslege verket i Noreg i mellomalderen med kanskje eitt handskrift per 1200 innbyggjar, vart mykje nytta i praksis, og var byrjinga på ein norsk lovgjevingstradisjon som strekkjer seg like fram til i dag.

II. Landslova og staten Noreg og norsk identitet

Ei anna årsak til at Landslova er lite forska på, er at ein har sett på den som eit naturleg framhald av ein norsk lovgjevingstradisjon. Men det er med Landslova av 1274 at lovgjeving vert ein sentral del av norsk rett. Det er vidare med Landslova at den norske statsmakta vert konstituert, og den er eit viktig bidrag til å byggja og oppretthalda ein norsk identitet.

III. Landslova og dagens rettslege situasjon i Europa

Ein grunn til å forska på Landslova, er at den kan gje nye perspektiv på overgangen til ein transnasjonal statsform. Det er ikkje fordi det er ein parallellitet mellom det norske riket i mellomalderen og den transnasjonale statsforma som veks fram i Europa i dag, men fordi kunnskap om Landslova frigjer ein frå dei tankemessige rammene som følgjer av den nogjeldande statsforma med røter i Grunnlova av 1814.

Organiseringa av Landslovsprosjektet

Gjennom Landslovsprosjektet skal Landslova utforskast, og ny kunnskap og nye perspektiv skal skaffast fram og formidlast. Men då må forskingsprosjektet både ha ein filologisk, arkeologisk, historiefagleg, filosofisk, rettshistorisk og statsrettsleg del, og det må gå over ein usedvanleg lang tidsperiode til eit humanistisk og juridisk forskingsprosjekt å vera. Av den grunn må Landslovsprosjektet vera innovativt ikkje bare når det gjeld innhaldet i prosjektet, men òg i organiseringa av det. Dette gjeld både rekkefølgja av forskinga, og det gjeld samordninga mellom deltakande institusjonar.

I. Forskingsorganisering

Landslovsprosjektet skal gå over ein lang tidsperiode for at ulike forskingsaktivitetar skal kunna byggja vidare på kvarandre sine resultat. Mellom 2014 og 2018 skal tekst- og handskriftgrunnlaget for forsking på Landslova stå i sentrum, mellom 2018 og 2023 skal innhaldet i Landslova vera hovudforskingsobjekt, og mellom 2023 og 2024 skal forskingsresultata formidlast.

II. Fagleg og administrativ organisering

Landslovsprosjektet som hovudprosjekt skal ha ei fast forankring ved Det juridiske fakultet, slik at ein unngår uklarleik og pulverisering når det gjeld ansvar, samstundes som fleire institusjonar må ha ansvaret for og dra nytte av delprosjekt. Ei styringsgruppe skal sikra koordinering av dei ulike aktivitetane i samband med Landslovsprosjektet.

Innleiande merknader

I 2024 er det 750 år sidan kong Magnus VI Lagabøter gav Landslova for hovuddelen av sitt norske rike. Trass i at lovverket var eit storverk i Europa i si samtid, at lovboka var viktig for å skapa staten Noreg, og er interessant i høve til dagens rettsutvikling i Europa, er Landslova ganske uutforska. Landslovsprosjektet 2014–2024 skal bøta på dette.

I 2024 kan ein feira at kong Magnus Lagabøter si Landslov av 1274 er 750 år. Dette bør markerast gjennom ny forsking på Landslova og det lovgjevingsprosjektet den er ein del av. Det er særleg tre grunnar til å setja i gang eit Landslovsprosjekt:

I. Landslova er eit storverk i europeisk rettshistorie.
II. Landslova var viktig for å skapa staten Noreg og ein norsk identitet.
III. Dei rettshistoriske omstenda Landslova er ein del av, er viktige for å forstå dagens rettslege situasjon i eit Europa i rask endring.

På grunn av manglande eksisterande forsking på Landslova, må ny forsking skje i tre delvis suksessive, men òg delvis overlappande fasar.

1. Fyrst må ein klargjera tekstgrunnlaget for forskinga. Det vil seia at ein må undersøkja dei 35 fullstendige handskriftene ein har bevart av Landslova frå før ca. 1350, samt dei 49 handskriftene som er overleverte som fragment, for å kunna forstå, innan visse rammer, kva innhald Landslova hadde og korleis dette utvikla seg, og ikkje minst korleis Landslova faktisk vart nytta.
2. Deretter må ein undersøkja kva reglane kan fortelja oss om korleis ein sameinte eldre verdsforståing og nye religiøse impulsar gjennom utbreiinga av kyrkjesamfunnet og kristen filosofi, korleis ein sameinte eldre samfunnsstrukturar med nye, tilpassa den framveksande statsmakta, og korleis ein sameinte tradisjonell rett med nye rettslege impulsar frå kontinentet.
3. Til sist må resultata av forskinga formidlast gjennom kjeldetilgang på nettet, publikasjonar, utstilling og undervisningsopplegg.

Desse tre fasane må strekkja seg over ein 11-årsperiode – frå 2014 til 2024. Ein skal bruka perioden 2014 til 2018 primært til å klargjera tekstgrunnlaget, deretter perioden 2018 til 2023 primært til å klargjera innhaldet, før ein brukar det siste året til å formidla resultata av forskinga.

I det følgjande vert fyrst dei tre grunnane for Landslovsprosjektet presenterte. Deretter skal gangen i og relasjonen mellom dei tre fasane i prosjektet utdjupast. Til sist skal organiseringa og finansieringa av prosjektet presenterast.

Tre grunnar for eit Landslovsprosjekt

I. Landslova som eit storverk i europeisk rettshistorie

Ei årsak til at Landslova er ganske uutforska, er at ein ikkje har sett kor spesiell den er i europeisk rettshistorie. Landslova er ei av få lovbøker gjevne i Europa i høgmellomalderen, den utgjer likevel bare om lag halvparten av den storstilte norske lovgjevinga på 1270-talet, fekk ei levetid på over 400 år, var det mest utbreidde verdslege verket i Noreg i mellomalderen med kanskje eitt handskrift per 1200 innbyggjar, vart mykje nytta i praksis, og var byrjinga på ein norsk lovgjevingstradisjon som strekkjer seg like fram til i dag.

Ved sida av utgjevinga av ein serie frimerke er den einaste kjende markeringa av Landslova i 1974, då det var 700 år sidan den vart gjeven, to talar haldne 28. juni på det sjuande, allmenne dommarmøte i Tromsø. Bare professor Knut Robberstad sin tale om «Magnus Lagabøters lovbok»hadde eigentleg Landslova som tema. Den manglande markeringa skuldast at ein tok det for gjeve at eit rike hadde ein felles rett uttrykt gjennom lovgjeving. Men det er fyrst etter 1800 at dette vart normaltilstanden i Europa. Det var faktisk bare dei nordiske landa, Prøyssen og Austerrike som hadde nasjonale lovbøker som grunnlag for rettseinskap før dette. Og det er bare Noreg og Sverige i Europa som har produsert to riksdekkjande lovbøker før 1800.

Når Landslova sitt 750-årsjubileum i 2014 bør markerast, er det fordi nyare forsking frå dette tusenåret viser at den er eit storverk i europeisk rettshistorie. Det er særleg seks grunnar til dette:

1. *Ei av få europeiske lovbøker.* Landslova av 1274 er ei av få lovbøker som vart gjevne for eit rike i Europa i høgmellomalderen. Fyrste freistnaden på å gje ei lovbok var det kong Fredrik II av Sicilia som stod for, då han i 1231 gav det som seinare er kalla *Liber Augustalis* eller *Melfikonstitusjonane.* Det største lovverket i Europa var *Libro de las Leyes*, seinare kalla *Las Siete Partidas*, som vart gjeve av kong Alfonso X av Castilla i 1265. Det er i dette tetsjiktet av europeisk lovgjeving i høgmellomalderen at Landslova høyrer heime.

2. *Ein del av eit stort lovgjevingsprosjekt.* Landslova er, som *Liber Augustalis*, bare ei lovbok, medan *Las Siete Partidas* er eit langt meir omfattande lovverk med sine fem omfangsrike bøker. Men Landslova er bare den fyrste lovboka kong Magnus Lagabøter gav, og kjernen i eit større lovgjevingsprosjekt. I 1276 kom Bylova. Sjølv

om den i utgangspunktet byggjer på dei reglar i Landslova som var brukande for bytilhøve, rekna rettshistorikar Knut Robberstad om lag 87 av 175 kapitel som særeigne for Bylova. I 1281 vedtok Alltinget ei eiga landslov for Island, seinare kalla Jónsbók, som var ferdig innan kong Magnus Lagabøter døydde i 1280. Som Bylova bygde den vidare på Landslova i den grad reglane der var brukande for Island. Og ein gong mellom 1273 og 1277 gav kong Magnus Lagabøter det ein kan definera som ei administrasjonslov, kalla *Hirdskrå*, som er langt mindre omfattande enn dei andre lovbøkene, men som utfyller 1. og 2. bok i Landslova. Landslova av 1274 inneheld altså bare ein del av lovgjevinga på 1270-talet, men den er utgangspunktet for og kjernen i heile lovgjevingsprosjektet.

3. *Lang verknadshistorie.* På Sicilia var *Liber Augustalis* frå 1231 formelt gjeldande rett til byrjinga av 1800-talet. *Las Siete Partidas* vart trekt tilbake alt i 1273, og var ikkje formelt ein del av gjeldande rett i Castilla etter det, sjølv om den ikkje var utan rettsleg verknad. Landslova var gjeldande rett til 1604. Då vart lova omsett til dansk og justert på enkelte punkt, fekk namnet Kristian IVs norske lov, og heldt fram som gjeldande rett til Kristian Vs norske lov av 1687. Landslova hadde dermed ei rundt 400 år lang verknadshistorie. Bylova av 1276 var gjeldande rett fram til Kristian IVs birkerett av 1621. *Hirdskrå* kan seiast å ha vore gjeldande fram til Lex Regia, eller Kongelova, av 1665. Jónsbók er framleis formelt gjeldande rett på Island, sjølv om det bare er mindre delar av den som ikkje er avløyst av nyare lovgjeving.

4. *Stor utbreiing.* Formelt var *Liber Augustalis* gjeldande rett i nesten 600 år. Men ein har bare bevart nokre få handskrift av den, noko som indikerer at den reelt vart lite nytta. Lovgjevinga til kong Magnus Lagabøter fekk ikkje bare ei lang levetid, men det er grunn til å tru at den vart mykje nytta. Ein har bevart 35 handskrifter frå før 1350, og fragment av ytterlegare 49 handskrifter, som vil seia at ein sikkert kan seia at på midten av 1300-talet fanst det i fastlandsdelen av det norske riket nær på 88 handskrifter av Landslova. Bare dei bevarte handskriftene tilseier at nesten kvar sysselmann, kvar lagmann og kvar biskop kunne ha ein kopi ved sida av at det fanst kopiar ved kongen og erkebiskopen sin administrasjon. I tillegg kjem altså dei handskriftene som har gått tapt. Normalt reknar ein med at bare 10 % av mellomalderhandskrifter er bevarte. Estimatet er usikkert i seg sjølv, og under alle omstende må ein rekna med at ein lovtekst har større sjanse for å verta teken vare på enn mange andre typar handskrifter. Men dersom ein reknar at 20 % av alle

handskriftene av Landslova som fanst i Noreg på 1300-talet er bevarte, og ein estimerer folketalet i Noreg til ca. 500 000, vil det seia at det fanst eitt handskrift per 1150 innbyggjarar. Dette viser at Landslova kunne utgjera grunnlaget for gjeldande rett i Noreg i tida etter 1274, rett og slett fordi den var tilgjengeleg.

5. *Mykje nytta.* Nyare studiar av rettspraksis i Noreg, slik det går fram av bevarte mellomalderbrev, og på Shetland, slik det går fram av bevarte rettsprotokollar frå 1601, gjev grunn til å seia at Landslova av 1274 verkeleg vart nytta. Den vart ikkje nytta etter sin bokstav, men etter si ånd. Det vil seia at Landslova ikkje er sitert i rettsdokument, men ein kan sjå at ein tok utgangspunkt i reglane i Landslova når ein skulle avgjera ei konkret sak, og så tilpassa ein lova etter tilhøva.

6. *Byrjinga på ein lovgjevingstradisjon.* I stor grad bygde *Liber Augustalis* frå 1231 på eksisterande lovgjeving og lokal sedvanerett, og innførte i heller liten grad nye rettsreglar. *Las Siete Partidas* av 1265 var eit nyskapande lovverk, men fekk altså ei kort levetid, og vart i staden avløyst av *Fuero Real*, som var ei samling av gjeldande rett før *Las Siete Partidas*. Så verken på Sicilia eller i Castilla, dei to andre rika som var i det europeiske tetsjiktet når det galdt lovgjeving i Europa i høgmellomalderen, kom lovbøkene til å verta byrjinga på ein omfattande lovgjevingstradisjon. For det norske riket har ein bevart ikkje mindre enn 77 lovakter av ulike slag – nokre heilt korte, andre omfattande – frå 1280 til 1319. Ein treng ikkje spekulera i kor mange lovakter som har gått tapt for å konkludera at Landslova var byrjinga på ein norsk lovgjevingstradisjon.

II. Landslova og staten Noreg og norsk identitet

Ei anna årsak til at Landslova er lite forska på, er at ein har sett på den som eit naturleg framhald av ein norsk lovgjevingstradisjon. Men det er med Landslova av 1274 at lovgjeving vert ein sentral del av norsk rett. Vidare er Landslova viktig for den spede danninga av ei norsk statsmakt, og den er eit viktig bidrag til å byggja og oppretthalda ein norsk identitet.

Den andre talen i samband med 700-årsjubileet for Landslova vart halden av lagmann Gunnar Nissen, som snakka om «Frå landskapslover til landslov». Tittelen er ganske talande for korleis ein i for stor grad har sett Landslova som eit naturleg framhald av ein lovgjevingstradisjon som ein finn fullt utvikla alt i Den eldre Gulatingslova og Frostatingslova.

1. *Landslova som byrjinga på ein lovgjevingstradisjon.* Ein finn lovgjeving i Den eldre Gulatingslova og Frostatingslova, for alt på 900-talet kunne kongar fremja forslag om endringar av retten på tinget. Dette gjeld til dømes reglar om leidangsordningar, som ei forsvarsordning for riket, som skulle gjera kongsmakta i stand til å sikra riket ytre fred. Frå byrjinga av 1000-talet fremja truleg kyrkja forslag om endringar av retten for å tilpassa samfunnet dei kristne normene, som forbodet mot bigami og mot barneutbering. Men fyrst frå midten av1100-talet var kongs- og kyrkjemakta, som dei to grunnpilarane i ei sentralmakt, som var sterke nok til å byrja å styra rettsutviklinga.

Frå midten av 1100-talet byrja ein å studera romersk rett, særleg ved universitetet i Bologna. Her studerte ein òg dei romerske keisarane si lovgjeving. Med den fekk kongar i høgmellomalderen ambisjonar om å gje lover slik romerske keisarar hadde gjort i antikken. Når Fredrik II si lovbok for Sicilia frå 1231 har vorte heitande *Liber Augustalis* – Augustus si bok – er det fordi det i forordet heiter at Fredrik II gav lover for sitt kongerike slik keisar Augustus hadde gjort for sitt keisarrike.

Bare kong Alfonso X av Castilla klarte med *Las Siete Partidas* frå 1265 å laga eit lovverk som kunne måla seg med det til dei romerske keisarane. Arbeidet tok til i 1255. Vinteren 1256–57 var 100 personar frå det norske hoffet, mellom anna den viktige diplomaten Lodin Lepp, i Castilla i samband med at prinsesse Kristina, søster til den seinare kong Magnus Lagabøter, gifta seg med prins Filipe, bror til kong Alfonso X. At nokre av dei tileigna seg fyrstehandskunnskap om lovgjevinga i Castilla, ser ein av at lovgjevingsprosessen i Noreg på 1270-talet er parallell med den i Castilla mellom 1255 og 1265.

Den eldre Gulatingslova og Frostatingslova er uttrykk for at ein i Noreg hadde ein velutvikla rettstradisjon då Landslova vart gjeven av kong Magnus Lagabøter i 1274. Men med framveksten av ei statsmakt i Europa i høgmellomalderen voks det òg fram eit behov for endringar av eksisterande rett. Den eldre Gulatingslova og Frostatingslova er utgangspunktet for den norske rettstradisjonen, men ikkje for den norske lovgjevingstradisjonen. I staden er det Landslova av 1274 som er byrjinga på den.

3. *Landslova og norsk statstradisjon og identitet.* Det er med Landslova av 1274 at fastlandsnoreg vart samla til eitt rike. Slik er den òg viktig for den norske

statstradisjonen. For sjølv om Noreg *de facto* fekk éin eigen erkebiskop med Reidar i 1151 og éin konge med tilsvarande styringskompetanse med Håkon IV Håkonsson i 1223, var Noreg framleis delt i fire lagdøme. som hadde kvar sine lover. Det er påfallande kor ulike både dei kongelege og kyrkjelege lovene i dei fire lagdøma er. Sjølv om Landslova vart gjeven på kvart av dei fire lagtinga – på Frostating i 1274, på Gulating i 1275, og på Eidsiva- og Borgarting i 1276 – fekk dei no alle ein felles rett.

Landslova kom til å markera Noreg som ei eiga eining trass seinare personal- og realunionar med Danmark og/eller Sverige. Trass harmonisering vart ikkje dansk og norsk rett, eller det danske og norske rettssystemet, heilt sameint fram mot 1814. Dette vart ei kjelde til utvikling og bevaring av norsk identitet, og til ei sterkare uttrykt norsk nasjonalkjensle på andre halvdel av 1700-talet og fram mot 1814.

III. Landslova og dagens rettslege situasjon i Europa

Ein grunn til å forska på Landslova er at den kan gje nye perspektiv på overgangen til ei transnasjonal statsform. Det er ikkje fordi det er ein parallellitet mellom det norske riket i mellomalderen og den transnasjonale statsforma som veks fram i Europa i dag, men fordi kunnskap om Landslova frigjer ein frå dei tankemessige rammene som følgjer av den nogjeldande statsforma med røter i Grunnlova av 1814.

Då professor Knut Robberstad gjekk på talarstolen i Tromsø i 1974 for å halda ein tale om Landslova, var det knapt ein registrerbar del av norsk rett som hadde sine røter i kjelder produsert utanfor norske jurisdiksjonsgrenser. I dag kan ein estimera at ein stad mellom 15 og 20 % av gjeldande norsk rett har sitt opphav i ikkje-norske rettskjelder. Norsk rett har bare to gonger tidlegare vorte tilsvarande internasjonalisert – på 1700-talet, i tida før statsforma vart endra med Grunnlova av 1814, og på 1200-talet, i tida før statsforma vart endra med Landslova av 1274. Forsking på Landslovsprosjektet kan vera med å retta fokus på tre aspekt ved retten i Europa i samtida:

1. *Statsmakta i 1274 og i 1814.* Sjølv om Landslova representerer framveksten av ein norsk statstradisjon, er det likevel ein markant forskjell på den norske staten i 1274 og den som vart konstituert med Grunnlova i 1814. Det er særleg to forskjellar som er verdt å peika på:

For det fyrste var staten i 1274 i stor grad eit instrument for å realisera Guds vilje, delt mellom kongs- og kyrkjemakt. Kongen rådde over den verdslege makta, medan kyrkja rådde over den åndelege. På kvar sitt område gav og handheva dei lover i både domstolar og i forvaltninga.

For det andre var ikkje staten i 1274 basert på eit demokrati tufta på at folket gav seg sjølv lover gjennom å stemma inn representantar til ei lovgjevande forsamling. I staden gav både kongs- og kyrkjemakta lover utan tinget sin medverknad frå 1274. Men det betyr ikkje at kongs- og kyrkjemakta var eineveldig. Det er særleg to grunnar til dette:

For det fyrste låg det ein rettstryggleiksgaranti i sjølve konkurransen mellom dei to. Sjølv om delinga mellom verdslege og åndelege spørsmål hadde ein fast kjerne, så fanst det ei brei gråsone som gjorde at rettssubjekta i stor grad kunne velja kva fora dei ville føra ei sak for. Dermed måtte både kongs- og kyrkjemakta laga reglar som trekte rettssubjekta til deira domstolar, slik at deira lovgjeving vart avgjerande. For bare den som handhevar retten, kan føra ein effektiv politikk.

For det andre var verken kongs- eller kyrkjemakta tilstrekkeleg utbygd til at dei kunne klara å styra utan lokal deltaking. Dette var ikkje ein gong ønskjeleg, fordi Gud kravde av dei begge at dei utøvde makta si på best mogeleg måte. Og det kunne ein ikkje gjera utan inngåande kunnskap om lokale tilhøve. Det vil seia at både kongs- og kyrkjemakta var avhengig av lokale personar som ikkje stod i eit instruksjonsforhold til dei, til dømes som lekdommarar og særleg som skjønnsmenn. Så både faktiske og ideologiske/teologiske forhold gjorde at innbyggjarane i riket vart ein integrert del av både kongs- og kyrkjemakta si faktiske maktutøving, sjølv om dei ikkje hadde ei formell vedtakingsmakt.

Med overgangen til einevelde i 1660/61, konstituert i Kongelova av 1665, vart statsmakta formelt og reelt samla på kongen sine hender åleine. Med overgangen til demokrati i 1814, og deretter med innføringa av parlamentarismen, som ei særleg form for demokrati, i 1884, vart denne statsmakta avhengig av bruken av stemmeretten. Statsmakta skulle dermed realisera folket sin vilje.

2. *Frå nasjonal til transnasjonal statsdanning*. Statsmakta i 1274 var knytt til riket, medan statsmakta i 1814 var knytt til nasjonen, noko som heilt endra premissane for

den. Men i dag vert stadig meir av statsmakta transnasjonal. Dette har særleg to konsekvensar:

For det fyrste skal statsmakta realisera universelle menneskerettar og effektiv ressursutnytting som sikrar velstand, og er dermed delt mellom nasjonale og transnasjonale lovgjevande, utøvande og dømande organ. I staden for eit spørsmål om kva som er verdslege og åndelege saker etter Guds vilje, vert spørsmålet om kva som er nasjonale og transnasjonale saker etter inngåtte traktatar.

Det finst ulike transnasjonale einingar som har eigen jurisdiksjon, men dei viktigaste i Europa i dag er Europarådet og Den europeiske unionen. Både Dei europeiske menneskerettane og EU-retten er basert på traktatar som har eit demokratisk grunnlag i kvar stat som er part i dei. Men den faktiske rettsdanninga som skjer, har eit så avleidd demokratisk grunnlag at ein kan seia at den transnasjonale statsdanninga har ei anna form for demokratisk grunnlag enn den nasjonale. Dermed endrar den folkeleg deltakinga i statsmaktsutøvinga igjen karakter. Dette har særleg to følgjer:

For det fyrste kjem i dag det nasjonale og transnasjonale i ein liknande konkurransesituasjon som det var mellom kongs- og kyrkjemakta i 1274. Det vil seia at rettssubjekta utanfor ein fast kjerne av kva saker som høyrer heime i kva jurisdiksjon, delvis har fleire sett med rettsreglar dei kan velja mellom.

For det andre er ikkje transnasjonale einingar tilstrekkeleg utbygde til at dei kan klara å styra utan lokal deltaking. Ein har til dømes inga utbygd forvaltning som driv med overvaking, men er avhengig av at borgarar sjølve gjer gjeldande brot på menneskerettane eller EU-retten. Òg nasjonalt har ein adoptert denne måten å iverksetja politikk på. Årsaka er at ambisjonane for styring overstig ressursane til forvaltning, og dermed vert rettar gjevne i form av rett til å gå til sak. Samla sett kan ein seia at søksmålsretten vert viktigare i høve til stemmeretten, og deltaking i statsstyringa går dermed frå vedtakingsrett til utøvingsdeltaking på ny.

3. *Nye perspektiv*. Det er ingen parallellitet mellom endringar i statsforma i 2014 i høve til dei som skjedde i 1814 og 1274. Men på alle tre tidspunkta skjedde dei ei endring i kvifor og korleis statsmakta vert utøvd, og korleis rettssubjekta kan påverka statsmaktsutøvinga. Men det er tilstrekkelege likskapstrekk mellom situasjonen i 1274 og i 2014 til at ein kan seia at forsking på Landslova vil gje nye perspektiv som

gjer at ein kan frigjera seg frå dei tankemessige rammene som følgjer av endringa av statsforma i 1814, og tenkja nytt på veg inn i ein ny statsrettsleg situasjon.

Organiseringa av Landslovsprosjektet

Gjennom Landslovsprosjektet skal Landslova utforskast, og ny kunnskap og nye perspektiv skal skaffast fram og formidlast. Men då må forskingsprosjektet både ha ein filologisk, arkeologisk, historiefagleg, filosofisk, rettshistorisk og statsrettsleg del, og det må gå over ein usedvanleg lang tidsperiode til eit humanistisk og juridisk forskingsprosjekt å vera. Av den grunn må Landslovsprosjektet vera innovativt ikkje bare når det gjeld innhaldet i prosjektet, men òg i organiseringa av det. Dette gjeld både rekkefølgja av forskinga, og det gjeld samordninga mellom deltakande institusjonar.

Landslovsprosjektet skal for det fyrste gå over ein lang tidsperiode for at ulike forskingsaktivitetar skal kunna byggja vidare på kvarandre sine resultat.

Mellom 2014 og 2018 skal den filologiske forskinga gjera at tekstgrunnlaget for Landslova kan klargjerast, slik at så mykje kunnskap som mogeleg kan hentast ut av handskriftgrunnlaget, og slik at Landslova kan omsetjast og gjerast tilgjengeleg for forsking av eit fagleg og internasjonalt breitt utval av forskarar.

Mellom 2018 og 2023 skal så innhaldet i Landslova undersøkjast frå ein filosofisk ståstad for å sjå på idégrunnlaget, frå ein arkeologisk ståstad for å sjå på fysisk manifestering av idégrunnlaget, frå ein historiefagleg ståstad for å sjå på føresetnadar for og verknadshistoria til Landslova, og ein juridisk ståstad for å sjå på kva ein tok med og kva ein utelét av reglar. Dette skal gjerast av både norske og internasjonale forskarar.

Resultatet av forskinga skal så mellom 2023 og 2024 formidlast gjennom publisering av ei praktutgåve av Landslova, gjennom undervisningsopplegg for skuleklassar både i grunnskule, ungdomsskule og på vidaregåande skule, og gjennom ei stor interaktiv utstilling om Landslova.

Landslovsprosjektet er eitt prosjekt, og dei tre fasane i prosjektet vil delvis vera suksessive, men òg delvis overlappa kvarandre. Slik er det òg med organiseringa av prosjektet – det er eitt prosjekt, men det vil delvis vera ulike institusjonar som har

ansvaret for ulike delar av aktiviteten, og delvis vil institusjonane samarbeida om aktivitetar. Det vert føresett at institusjonane samhandlar for å oppnå felles interesser og mål. Dette er tenkt løyst slik at Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Bergen har det overordna ansvaret for prosjektet, samstundes som fakultetet inngår avtalar med deltakande institusjonar som sjølve står ansvarleg for dei delar av forskinga som dei søkjer midlar til. Samordninga mellom dei deltakande institusjonane og deira forskingsaktivitet vil skje gjennom ei rådgjevande styringsgruppe konstituert av Det juridiske fakultetet, men med representantar oppnemnde av dei deltakande institusjonane.

I. Forskingsorganisering

Landslovsprosjektet skal gå over ein lang tidsperiode for at ulike forskingsaktivitetar skal kunna byggja vidare på kvarandre sine resultat. Mellom 2014 og 2018 skal tekst- og handskriftgrunnlaget for forsking på Landslova stå i sentrum, mellom 2018 og 2023 skal innhaldet i Landslova vera hovudforskingsobjekt, og mellom 2023 og 2024 skal forskingsresultata formidlast.

1. *Klargjering av tekstgrunnlaget for Landslova.* Som alt nemnt, finst det i dag bevart 35fullstendige handskrift av Landslova frå før 1350, samt 49 handskriftfragment. Det finst ikkje noko handskrift bevart frå 1274. Eitt av dei eldste og beste handskriftene er Holm perg 34 4°, som dei nyaste katalogane daterer til 1275–1300. Professor emeritus Magnus Rindal, som har arbeidd inngåande med Landslova generelt, finn dateringa plausibel. Gustav Storm tilrådde alt i 1879 at dette handskriftet burde utgjera grunnlaget for ei ny utgåve av Landslova, og det har seinare ikkje kome avgjerande innvendingar mot dette synspunktet.

Landslovsprosjektet har på denne bakgrunn valt Holm perg 34 4° som hovudhandskrift for prosjektet. Dette har tre konsekvensar:

a. <u>Klargjering av tekstvariasjonen</u>. Variasjonen mellom dei eksisterande fullstendige handskrifta, og like eins mellom handskriftfragmenta, må klargjerast og gjerast tilgjengeleg for forsking. Dette er viktig for at ein skal vita kva for delar av Landslova som i stor, liten eller ingen grad vart endra når handskrifter vart avskrivne. Dette er igjen viktig for å få innsikt i kva som var klart og udiskutabelt, og kva som var uklart og/eller underlagt ein praksisdiskurs i tida etter Landslova vart gjeven. Den tekstlege

variasjonen i handskriftene er eit kikhol ein har inn i den rettslege idéverda og det praktiske rettslivet Landslova var ein del av.

Alt Rudolf Keyser og Peter Andreas Munch gjorde eit inngåande arbeid med tekst-variasjonen då dei gav ut Landslova i det andre bandet av *Norges gamle Love* i 1848. Men dei valde å ta utgangspunkt i AM 60 4°, eit handskrift frå om lag 1320 som vart valt ut frå tekstleg kvalitet. Ved å leggje til grunn Holm perg 34 4° kan ein lettare kan laga ei kronologisk utviklingslinje i handskriftsoverleveringa. Vidare var det bare eit utval og ikkje alle variantane i handskriftene som vart utgjevne av Keyser og Munch. Skal ein få eit best mogeleg innblikk i den rettslege idéverda og det praktiske rettslivet Landslova var ein del av, bør ein gjera nytte av den variasjonen som vart dokumentert gjennom deira arbeid med handskriftene. Då kan ein ikkje bare seia noko om kva som var uklart og/eller underlagt ein praksisdiskurs i tida like etter Landslova vart gjeven, men om gradsforskjellar.

Dette arbeidet er i gang på Nasjonalbiblioteket, der forskingsbibliotekar dr.art. Bjørg Dale Spørck og professor emeritus Magnus Rindal tek utgangspunkt i det fullstendige og upubliserte variantapparatet til Keyser og Munch, kontrollerer det, og ordnar det i høve til Holm perg 34 4°. Arbeidet er finansiert ved at Nasjonalbiblioteket let Dale Spørck nytta si forskingstid på arbeidet, medan Rindal nyttar sitt pensjonisttilvære på arbeidsoppgåva. Arbeidet er arbeidskrevjande, og det må setjast inn store ressursar for at det skal verta ferdig før innhaldsforskinga tek til i 2018. På grunnlag av studiet av variantane vil Rindal og Spørck også lage ei rekonstruert normalisert utgåve, som vil liggje til grunn for omsetjing til engelsk og norsk. I denne utgåva blir berre dei viktigaste variantane tekne med.

b. Klargjering av bruken av handskriftene. Til tider har dei mellomalderlege skrivarane sjølv vore klare over at visse ord og vendingar varierer frå handskrift til handskrift av Landslova, og har difor skrive inn variantar i margen på handskriftet. Andre tider meiner skrivaren eller seinare brukarar at det er særlege ord som er sentrale i dei ulike lovreglane, og markerer desse i handskriftet. Det finst òg andre aspekt ved den skriftelege framstillinga av Landslova som gjev ettertida eit innblikk i den rettslege idéverda og det praktiske rettslivet Landslova var ein del av. Det er ikkje i det heile gjort noko arbeid på dette, men Landslovsprosjektet tek sikte på å få i gang forsking på denne kjelda til Landslovas historie og innhald i tida fram mot 2018.

c. Klargjering av den fysiske utforminga av handskriftene . Ei anna kjelde til kunnskap er forma og organiseringa av sjølve handskriftene. Nokre handskrift er store og er truleg meinte å vera stasjonære ved ein institusjon, medan andre er mindre slik at dei lettare kunne takast med på til dømes embetsreiser. Mange av handskriftene er staselege og utstyrte med flotte initialar – og i eitt tilfelle illuminasjonar, slik som *Codex Hardenbergianus* vist på forsida av dette notatet, noko som framheva og tydeleggjorde deira status. Generelt har dei overskrifter og andre inndelingsmarkørar som gjer det lett å orientera seg i dei. Heller ikkje dette aspektet ved handskriftene er tidlegare undersøkt komparativt, og igjen har Landslovsprosjektet som ambisjon å få i gang forsking på desse sidene til Landslovas historie og innhald i tida fram mot 2018.

Dei fleste tekstane av Landslova er delar av større handskrifter med andre rettslege kjelder. Til dømes har ikkje Landslovsprosjektet bare valt å leggja til grunn Holm perg 34 4° på grunn av alderen, men òg fordi handskriftet er eit ganske samansett rettsleg dokument der Landslova er ein sentral del, men likevel bare ein del av ein breiare rettskjeldemessig kontekst. Det vil seia at ein i dette handskriftet finn Landslova bunden saman med delar av Bylova, av *Hirdskrå*, med utdrag av kristenrettar, av seinare tilleggslover og rettspraksis. Utover ei førebels undersøking av attgjeving av rettspraksis i handskrifter som inneheld Landslova, er det ikkje utført brei forsking på kva desse handskriftene kan fortelja oss om den totale rettskjeldekonteksten Landslova var ein del av. Igjen har Landslovsprosjektet som ambisjon å få i gang forsking på denne kjelda til Landslovas historie og innhald i tida fram mot 2018.

d. Tilgjengeleggjering av Landslova for forsking. Som alt nemnt vart Landslova, med utgangspunkt i handskriftet AM 60 4° utgjeven av Keyser og Munch i 1848. Holm perg 34 4°, som Landslovsprosjektet har valt som grunnlag for sitt arbeid, er avskrive av stipendiat Anna C. Horn i regi av det NFR-finansierte Menotec-prosjektet (2010-2012). Eit prøveprosjekt for å omsetja Holm perg 34 4° til engelsk er alt gjennomført, finansiert av midlar frå det no nedlagde Centre for Medieval Studies (2003-2012). Omsetjingsarbeidet vert no vidare finansiert av Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studiar ved Universitetet i Bergen. Sjølve omsetjinga vert gjord av postdoktor Helen Leslie, med professor Odd Einar Haugen som fagleg koordinator. Landslovsprosjektet har som ambisjon å støtta ei utgjeving av denne omsetjinga av

eit sentralt manuskript av Landslova for å spora til mest mogeleg internasjonal interesse for og forsking på Landslova.

Landslovsprosjektet ønskjer òg å arbeida for ei omsetjing avden utgåva av Landslova som Dale Spørck og Rindal skal ferdigstilla i 2018. Det er naturleg at Rindal sjølv gjer omsetjinga til moderne norsk. Men det bør òg utarbeidast ei omsetjing til engelsk, slik at ein får tilgjengeleg ei normalisert utgåve av Landslova på engelsk og ikkje bare eit av dei mange manuskripta. Det er denne omsetjinga skal leggjast til grunn for praktutgåva av Landslova som skal publiserast i samband med 750 års jubileet i 2024.

2. *Klargjering av innhaldet i Landslova.* Alt arbeidet med tekstgrunnlaget for forsking på innhaldet i Landslova er, som vi har sett, i seg sjølv delvis forsking på innhaldet i Landslova. Slik sett er ikkje dei to forskingsfasane i Landslovsprosjektet strengt skilde frå kvarandre. Det som likevel skil dei, er at forskinga i fyrste fase ved sida av sin eigenverdi, gjer det mogeleg for dei utan særskild filologisk kompetanse til å forska på Landslova.

a. Det idéhistoriske grunnlaget for Landslova. Det idéhistoriske grunnlaget for Landslova er på den eine sida studert gjennom forsking på *Kongsspegelen*, i ein norsk kontekst særleg av professor emeritus Sverre Bagge. *Kongsspeglen* vart truleg skriven nettopp som eit filosofisk grunnlag for den komande lovgjevinga, slik *Éspeculo* vart det i Castilla. Men det er ikkje forska på i kva grad europeisk filosofi på 1100- og 1200-talet påverka Landslova og kom til uttrykk i strukturar og einskildreglar. Landslovsprosjektet tek sikte på å få i gang forsking på denne kjelda til Landslovas historie og innhald i tida fram mot 2023.

b. Arkeologisk kunnskap og Landslova. Landslova kjem til uttrykk gjennom tekst og handskrift. I så måte har arkeologi ikkje noko å bidra med. Men akkurat som utgraving av fangststader på Hardangervidda av professor Svein Indrelid gjev kunnskap om innhaldet i jaktreglar i Den eldre Gulatingslova, kan utgravingar av gardane til sentrale tenestemenn i den kongelege rettsadministrasjonen kasta lys over det rettssystemet som Landslova var ein del av. For til no har ein delvis oversett kor sentrale lagmenn og sysselmenn, som kongelege tenestemenn, vart i norsk rett med Landslova av 1274. Arkeologiske undersøkingar av deira tenestegardar vil kunna

avdekka den makt dei visuelt formidla, og dermed i kva grad den faktiske rettslege makta dei fekk i Landslova vart formidla fysisk i landskapet.

Innsamling av opplysningar om bygningar og tunstrukturar på gardane til det aristokratiet som lagmenn og sysselmenn vart rekrutterte frå av arkeolog Øystein Ekroll og fyrsteamanuensis og historikar Erik Opsahl, og førebels undersøkingar av lagmannsgarden Aga av Ekroll og statsstipendiat Guttom Rogdaberg, gjev grunnlag for å seia at Landslovsprosjektet bør ha ambisjonar om å setja i gang forsking på denne kjelda til Landslova si historie og innhald i tida fram mot 2023.

c. Historisk komparasjon og Landslova. Når Landslova endeleg skal utforskast, er det viktig å ikkje studera den isolert, men å nytta komparasjon for å setja den inn i ein breiare historisk kontekst. I fyrste omgang vil det vera interessant å samanlikna Landslova med andre lovbøker den stod i ein så nær relasjon til. Då vil det vera tilstrekkeleg mange lik- og ulikskapar til at ein kan oppnå innsikt i kvifor ein valde som ein gjorde når det gjaldt både styringsstrukturar og materiell rett.

Ein bør då byrja med å samanlikna Landslova med *Járnsíða*. Dette er ei lovbok, og ikkje ei rettsbok, laga for Island og presentert på Alltinget for vedtaking i 1271. *Jarnsiða* var siste del av ein mislukka freistnad på å sameina retten innanfor kvart lagdøme på siste halvdel av 1260-talet, og den var lagd tett opp til Frostatingslova. Men lovboka var òg fyrste del av lovgjevinga for heile det norske riket på 1270-talet. I følgje professor Absalon Taranger kom Landslova til å føra vidare ein god del reglar frå *Jarnsiða*, og kva rolle denne lovboka kom til å spela for Landslova, er ikkje undersøkt. Forsking på *Jarnsiða* kan dermed avdekka den intensive læringsprosessen Landslova, som den fyrste lovboka i Noreg og ei av dei fyrste i Europa, var eit produkt av, og som gjorde at ein tok dei vala som kom til å prega Landslova både når det gjeld styringsstrukturar og materiell rett.

Ein bør vidare samanlikna Landslova inngåande med Bylova av 1276. Som alt sagt, byggjer Bylova i stor grad på Landslova. Men det er ein del ulikskapar, og ein studie av dei kan visa ikkje bare forskjellar mellom by- og landforhold, men kva for val ein hadde då ein laga dei to lovbøkene.

Så bør ein samanlikna Landslova med *Jónsbók*, som er den lovboka som islendingane truleg vart lova då dei motvillig vedtok *Járnsíða* i 1273, og som vart lagt fram på Alltinget til vedtaking i 1281. Igjen var islendingane motvillige, og igjen var

argumentet delvis at lovboka innførte for mykje ny rett. *Jónsbók* bygde nemleg på Landslova, men var langt meir tilpassa islandske tilhøve enn det *Járnsíða* var. Det gjer at ein får ei blanding av lik- og ulikskapar mellom Landslova og *Jónsbók* som gjev innsikt i kvifor ein valde som ein gjorde når det gjaldt både styringsstrukturar og materiell rett.

Same problematikken dukkar opp om ein samanliknar Landslova med kong Magnus Erikssons Landslag frå ca. 1350, som òg skal byggja på Landslova.

e. Resepsjonshistorie. I tillegg til å samanlikna Landslova med andre lovbøker den står i eit nært tilhøve til, må den samanhaldast med sentrale kjelder til rettsleg kunnskap i Europa i si samtid.

Alt i Den eldre Gulatingslova finn ein spor av romarrettslege materielle rettsreglar henta inn frå *Codex*, som var ei samling av keisarleg lovgjeving frå byrjinga av 500-talet. Professor Per Andersen har peika på at Landslova er delt i 9 bøker akkurat slik *Codex* var det i mellomalderen.[1] Vidare finn ein i fyrste delen av Landslova reglar av ein meir statsrettsleg art som er henta frå både *Codex* og *Institutiones*, som er eit anna romarrettsleg verk som vart studert på universitet i Sør-Europa etter midten av 1100-talet. Men ein noko meir inngåande studie av kor sterk påverknad romersk rett og romarrettsvitskapen hadde på struktureringa av og innhaldet i Landslova er ikkje gjord. Dette har Landslovsprosjektet ambisjonar om å gjera noko med.

Det eldste handskriftet med lærd rett ein kjenner til frå norsk mellomalder, er eit franskprodusert handskrift av *Decretum Gratiani* frå 1190-talet, no bevart i eit fragment i Riksarkivet. Peter Landau, Anne J. Duggan og Anders Winroth har skrive om korleis denne sentrale samlinga av kanonisk rett frå midten av 1100-talet påverka innhaldet i særleg Frostatingslova. Men ei meir inngåande undersøking av kva rolle kanonisk rett spelte for struktureringa av og innhaldet i Landslova, og kva for kjelder i kanonisk rett ein valde å leggja vekt på, er enno ikkje gjord. Dette har Landslovsprosjektet òg ambisjonar om å gjera noko med.

Eit tilsvarande gammalt handskrift med rettsleg innhald som det av *Decretum Gratiani* som er bevart i Noreg, er ei samling av engelsk rett. Alt professor Absalon Taranger, og seinare professor Knut Helle har vist at Den eldre Gulatingslova var

[1] Seinare har ein oppdaga at *Codex* eigentleg var delt i 12 bøker, men dette var ukjent kunnskap i mellomalderen.

påverka av engelsk rett. For Landslova sin del er det bare gjort ein studie av lagretteordninga i høve til den engelske juryordninga, og lagmannsordninga i høve til den engelske ordninga med *circuit judges*. I begge tilfelle er det ein påfallande likskap. Men utover dette veit ein ikkje noko om kva rolle engelsk rett spelte i samband med at ein laga Landslova.

f. Statsrettshistorie. Som alt nemnt vart Landslova gjeven av kongen, men ei realisering av lova var avhengig av eit samarbeid mellom kongen og hans administrasjon på den eine sida, og lokal deltaking av rettssubjekta på den andre. Det vil seia at Landslova ikkje kom til i eit norsk, diskursivt offentleg rom, men at den vart handheva i eit slikt rom. Dette er ikkje eit ukjent fenomen i mellomalderforskinga, og har vore tema for forskinga til professor Leidulf Mjelve. Dei statsrettslege aspekt ved det er delvis utforska i hans bidrag i *Constitutionalism before 1789*, ei artikkelsamling redigert av Jørn Øyrehagen Sunde.

Det står likevel mykje igjen på å studera desse tilhøva i ein norsk kontekst. Sidan Landslova er ei av få lovbøker produserte i Europa i høgmellomalderen, og, frå eit levetids- og bruksperspektiv, eit vellukka lovgjevingsprosjekt, vil slik forsking knytt til den ha verdi for å forstå dei ulike typar offentlege, diskursive rom i Europa i tidsperioden. Eit slikt bidrag til europeisk mellomalderforsking har Landslovsprosjektet ambisjonar om å gje.

g. Brukshistorie. Det finst eit ganske omfattande diplommateriale som kan nyttast for å studera korleis Landslova vart nytta i praksis. Dette har vorte nytta i sektorstudiar, men det har ikkje vorte brukt med det for auga å seia noko om korleis Landslova vart omsett til gjeldande rett. Førebels studiar av prosess og hevdsreglar i praksis indikerer at Landslova faktisk vart nytta, men meir etter si ånd enn etter sin bokstav. Landslovsprosjektet tek sikte på å setja i gang forsking på Landslova si brukshistorie for å skaffa fram kunnskap om korleis den vart tilpassa faktiske behov i det praktiske rettslivet, korleis den endra seg med endringar i samfunnstilhøva, og i kva grad tilpassingar og endringar skjedde slik det var føreskrive i Landslova.

3. *Formidling av forskingsresultata i Landslovsprosjektet.* Landslova er ganske uuforska. Difor finst det lite kunnskap om den både i norsk og ikkje minst utanlandsk akademisk samanheng, og generelt i samfunnet. Sjølv om det er sett av eitt år til

formidling i regi av Landslovsprosjektet frå 2023 til sjølve 750-års jubileet i 2024, vil formidling skje fortløpande i heile prosjektperioden.

a. Internettformidling. Straks Landslovsprosjektet vart konstituert i Bergen i april 2012, vart det oppretta ein nettstad for å formidla prosjektaktivitetar. Nettstaden vert i 2014 utvikla vidare som eit instrument for kommunikasjon. Her vil det verta kontinuerleg lagt ut kjeldemateriale for å spora til forsking på Landslova utanfor prosjektet sin regi, og for å gjera tilgjengeleg mogeleg undervisningsmateriale. Vidare vil det verta lagt ut publikasjonar av prosjektmedlemmane og av andre som forskar på Landslova.

d. Publikasjonar. Forskinga som skjer i tilknyting til Landslovsprosjektet, vil sjølvsagt verta formidla på lik linje med anna forsking. Dette gjeld både einskildartiklar, artikkelsamlingar baserte på konferansebidrag, og monografiar baserte på PhD-avhandlingar, postdoktorarbeid og anna forsking. Men Landslovsprosjektet tek sikte på å bidra til følgjande publikasjonar:

- 2015: Heile Holm perg 34 4°, med Landslova og alle andre rettslege kjelder i handskriftet, i engelsk omsetjing av Helen Leslie.
- 2018-2019: Landslova etter Holm perg 34 4° med eit komplett variantapparat, utarbeidd av Bjørg Dale Spørck og Magnus Rindal. Deretter ei rekontruert normalisert utgåve med eit lite utval av variantar.
- 2024: Praktutgåve av Landslova med originaltekst og parallell norsk og engelsk omsetjing, utarbeidd av Magnus Rindal, og med eit innleiande essay om Landslova.

d. Undervisningsopplegg. Lovgjeving er i dag ein heilt sentral måte å skapa normer på i vårt samfunn. Samstundes fører internasjonaliseringa av retten til at nasjonal lovgjeving i større grad må vika plass for normer skapte gjennom rettspraksis med utgangspunkt i internasjonalt produserte rettskjelder. Eit undervisningsopplegg om korleis lovgjevinga på 1270-talet vart etablert som normproduksjonsteknikk i Noreg og i Europa vil dermed vera av både historisk interesse og samtidsinteresse. Opplegget må vera laga som eit byggjesett der basis kan nyttast i grunnskulen, med ei påbygging som kan nyttast i ungdomsskulen, og med ei ytterlegare påbygging til bruk på vidaregåande skule.

Undervisningsopplegget skal vera basert på digitale læremiddel og interaktivitet. Slik kan elevane arbeida med kjeldene, frå å fargeleggja illuminasjonane i handskrifta på barneskulenivå, til å gje seg i kast med utforminga og organiseringa av handskriftene på vidaregåande nivå. Og elevane kan prøva å gje eigne lover for aktuelle tema som til dømes mobbing gjennom at ein på barneskulenivå skal fylla ut det som manglar i nesten ferdige reglar, til at ein på vidaregåandenivå vel ut og puslar saman brotstykke av reglar.

e. Utstilling. Landslova vart skriven på Holmen i Bergen der kongs- og bispegarden låg. Det har difor heilt sikkert vore diskusjonar om, og kanskje til og med gjort arbeid på Landslova i Håkonshallen og i Rosenkrantztårnet. Difor må det lagast ei jubileumsutstilling her med Landslova. Utstillinga må ha to delar – ein del der arbeidet med og sjølve Landslova vert presentert, og ein del der lovgjevingshistoria frå Landslova og fram til i dag vert vist fram. Utstillinga må vidare utformast slik at den inngår som ein tilleggsdel for undervisningsopplegget, slik at det vert naturleg for skuleklassar at dei òg oppsøkjer utstillinga.

Utstillinga skal opplevast gjennom heile sanseapparatet. Det vil seia at ein vil ha mellomaldermusikk og mellomalderbylydar i bakgrunnen for dei som sat og skreiv Landslova. Ein må ha sko og klesplagg som dei besøkande kan ta på for å vera lagmann eller skrivar. Ein må ha vokstavler og stylos for at dei besøkande skal kunne skriva utkast til lovreglar slik dei gjorde i lovkommisjonen vinteren 1273–74. Ein må setja fram mat og drikke til dei som skriv Landslova, og som luktar og smakar av 1200-talet.

II. Fagleg og administrativ organisering

Landslovsprosjektet som hovudprosjekt skal ha ei fast forankring ved Det juridiske fakultet, slik at ein unngår uklarleik og pulverisering når det gjeld ansvar, samstundes som fleire institusjonar må ha ansvaret for og dra nytte av delprosjekt. Ei styringsgruppe skal sikra koordinering av dei ulike aktivitetane i samband med Landslovsprosjektet.

Landslovsprosjektet som hovudprosjekt har si forankring ved Det juridiske fakultetet ved Universitetet i Bergen. For å kunna fylla oppgåva som prosjekteigar på ein fagleg forsvarleg og effektiv måte, har styret ved Det juridiske fakultetet oppnemnt ei rådgjevande styringsgruppe for Landslovsprosjektet. Styret for Det juridiske fakultet kan delegera oppnemninga av styringsgruppa til dekan.

Det juridiske fakultetet har inngått, og vil inngå, avtale med andre institusjonar om fordeling av plikter og rettar i høve til dei ulike delane i Landslovsprosjektet. Fordi Landslovsprosjektet som hovudprosjekt omfattar fleire komponentar, der ikkje alle fagleg soknar inn under Det juridiske fakultetet sitt virkefelt, er det naturleg at andre institusjonar både står som søkjar til, og forvaltar av forskingsmidlar til desse delane. Institusjonar som er avtalebaserte partnarar i Landslovsprosjektet, skal ha eit medlem av den rådgjevande styringsgruppa.

Når det vert søkt om midlar til prosjekt som vert marknadsført som ein del av Landslovsprosjektet, skal Det juridiske fakultet orienterast. Det juridiske fakultet kan nekta tilknyting til prosjektet som element i ein slik søknad. Søknader som fører til at Det juridiske fakultet pådreg seg ansvar og/eller plikter, må godkjennast av styret ved fakultetet, eller den det har delegert godkjenningsansvar til.

Styringsgruppa skal ha ein leiar som står i eit tilsetjingstilhøve til Det juridiske fakultet. Dei øvrige medlemmane skal oppnemnast på bakgrunn av at dei leiar eit delprosjekt, eller på grunnlag av ekspertise. Oppnemning av styringsgruppa sine medlemmar skjer for to år om gongen, men leiarar av delprosjekt skal ha sete i styringsgrupa til delprosjektet er avslutta.

Styringsgruppa skal ha ein rådgjevande funksjon. For at den ikkje skal verta for stor, kan styret for det juridiske fakultet, eller den det gjev fullmakt til, avgjera at den skal delast i eit styre og eit råd. Avgjerder vert tatt av leiar for styringsgruppa åleine, som står ansvarleg for desse overfor Det juridiske fakultet.

vedlegg 2.

AVTALE

mellom

Universitetet i Bergen v/Det juridiske fakultet (UiB)

og

Nasjonalbiblioteket (NB)

om samarbeid på

LANDSLOVSPROSJEKTET 2014-2024

1. Avtalen

Avtalen gjeld gjennomføring av eit delprosjekt som inngår i hovudprosjekt «Landslovsprosjektet 2014-2024». UiB er prosjektansvarleg i hovudprosjektet, og NB er partnar i delprosjektet. Hovudprosjektet sin karakter og omfang går fram av vedlagt prosjektdesign, som er vedlagt avtalen saman med ein budsjettoversikt for delprosjektet.

2. Bakgrunnen for avtalen

Professor Emeritus Magnus Rindal har saman med forskingsbibliotekar Bjørg Dale Spørck, arbeidd med ei ny tekstkritisk utgåve av Kong med eit fullstendig variantapparat Magnus VI Lagabøtar si Landslov av 1274, basert på R. Keyser P.A. Munch sine etterletne papir.

Samstundes vart det ved UiB i april 2012 starta eit Landslovsprosjekt. Det er viktig for det samla Landslovsprosjektet å få ei ny tekstkritisk utgåve raskast mogeleg ferdigstilt.

UiB ønskjer difor å søkja eksterne midlar til, og å stå som arbeidsgjevar for to assistentar til Dale Spørck og Rindal i deira arbeid.

Føremålet med denne avtalen er å formalisera det utvida samarbeidet gjennom å avklara partane sine rettar og pliktar.

3. Hovudprosjekt

Føremålet med hovudprosjektet er omfattande forklart i det vedlagte prosjektdesignet.

4. Delprosjektet

Delprosjektet som denne avtalen gjeld, er ei formalisering av eit alt pågåande arbeid for å laga ei ny utgåve av Landslova av 1274. Utgåva skal gjerast tilgjengeleg for dei som i regi av hovudprosjektet forskar på Landslova. Vidare skal den kunna leggjast til grunn for den normaliserte norrøne, norske og engelske praktutgåva som skal publiserast.

5. Tidsrom og økonomi

Hovudprosjektet tok til april 2012, og skal avsluttast 31. desember 2024, medan det formaliserte delprosjektet tek til ved avtalesignering og skal avsluttast innan 1. januar 2018.

På noverande tidspunkt bidreg NB med å leggja til rette for at forskingsbibliotekar Dale Spørck kan bruka si arbeidstid på delprosjektet og ved å gje professor emeritus Rindal forskarplass.

Med signering av denne avtalen skal NB leggja til rette for at UiB kan, om ein får ekstern finansiering, tilsetja to assistentar på delprosjektet. UiB skal ha arbeidsgjevaransvaret for dei tilsette, og Rindal skal, på UiB sine vegner, ha ansvaret for fagleg oppfølging og det overordna faglege ansvaret. NB skal gje dei ein arbeidsplass, tilgang til elektronisk nettverk og kopiering, til kantine og andre fasilitetar som kan forventast på ein arbeidsstad.

Skulle delprosjektet verta tilført ytterlegare midlar, kan samarbeidsavtalen reviderast og utbyggjast om nokon av partane ønskjer det.

6. Prosjektleiar og fagleg ansvarlege

Fagleg ansvarlege for hovudprosjektet hos UiB er Jørn Øyrehagen Sunde ved Det juridiske fakultet, som i den eigenskap vert prosjektleiar. Fagansvar i samband med delprosjektet vil prosjektleiar utøva i samarbeid med Rindal.
Fagleg bidragsytar hos NB er Dale Spørck. Dersom NB ønskjer å nytta anna personale enn det som er nemnt ovanfor, skal dette avtalast med UiB ved prosjektleiar Jørn Øyrehagen Sunde.

7. Utviding av delprosjekt med andre partnarar

Andre partnarar kan bare knytast til delprosjektet dersom begge partane er samde om det. I så fall kan partane i denne samarbeidsavtalen be om avtalerevisjon som ein føresetnad for utvidinga.

8. Styringsgruppa for landslovsprosjektet, og partnarane i delprosjekt si rolle i den

Styringsgruppa har ein rådgjevande funksjon. Den skal sikra koordinering, kvalitet og framdrift av hovud- og delprosjekt, og har rapporteringsplikt og plikt til å avgjer årsrapport.

UiB utpeikar leiar for styringsgruppa. Avgjerder vert tatt av leiar åleine.

Alle institusjonane som står som ansvarleg for avtaleregulerte delprosjekt, har ein representant i styringsgruppa for prosjektet.

Ved signering av avtalen får NB ein representant i styringsgruppa. NB peikar sjølv ut styringsgrupperepresentanten.

9. Rapportering

Styringsgruppa for hovudprosjektet har rapporteringsplikt til styret ved Det juridiske fakultetet for alle delar av prosjektet, inkluderte dette delprosjektet.

10. Marknadsføring av delprosjektet

Begge partar i avtalen skal marknadsføra delprosjektet som ein del av hovudprosjektet, med ekstern finansiering, og med NB som institusjonell vert.

11. Bruksrett og eigarskap til delprosjektresultatet

Den nye utgåva av Landslova skal stillast til disposisjon både fortløpande og når arbeidet er ferdigstilt, slik at det kan nyttast av dei andre deltakarane i Landslovsprosjektet.

Ved publisering av utgåva skal det stå på kolofonsida, eller på ein tilsvarande stad ved digital publikasjon, at arbeidet er delvis finansiert av NB og eksterne kjelder, at NB og Det juridiske fakultet har lagt til rette for og administrert arbeidet, og så vil det elles gå fram at Dale Spørck og Rindal er redaktørar for arbeidet.

12. Endring av delprosjektet

Partane kan etter forhandlingar gjera endringar i avtalen for delprosjektet.

Dersom ein part ønskjer å justera det som er avtale i samband med delprosjektet, må dette formidlast til den andre parten utan uturvande opphald.

13. Avtaleusemje

Tvistar som oppstår i samband med gjennomføringa av avtalen, skal løysast gjennom forhandling mellom partane. Dersom ein ikkje oppnår semje innan 2 månadar, skal tvisten løysast gjennom valdgift etter reglane i tvistelova av 2005.

14. Avvikling av oppdraget

Kvar part har rett til å avvikla oppdraget ved misleghald gjennom skriftleg varsling. Parten som er årsak til misleghaldet kan ikkje krevja erstatning i slike tilfelle. Ei slik oppseiing kan fyrst skje etter 30 dagar, og skal skje skriftleg. Hendingar som skuldast force majeure skal ikkje reknast som misleghald.

15. Ansvar

UiB har ikkje ansvar ovanfor NB for skade på person, utstyr eller eigedom i samband med utføringa av oppdraget.

Kontrakten er skriven i 2 eksemplar, og kvar part har plikt til å oppbevara sitt eksemplar.

Dato: _____

_____
for Universitetet i Bergen

Dato: _____

_____
for Nasjonalbiblioteket

_____
for Det juridiske fakultet, UiB

Vedlegg 1: Prosjektdesign

Vedlegg 2: Budsjettoversikt

Utkast - budsjett - Landslovsprosjektet - Jørn Øyrehagen Sunde

		2015	2016	Merknad
Assistenter				
	2 Forskningsassistenter m mastergrad, ltr 48	1 100 000	2 244 000	Ikke beregnet dekningsbidrag (påslag 40 %)
	1 Prosjektmedarbeider 20 % ltr 35	92 000	94 000	Ikke beregnet dekningsbidrag (påslag 40 %)
Drift		60 000	60 000	20' per person nevnt ovenfor i to år
		1 252 000	**2 398 000**	

VEDLEGG 3